



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 26.05.2020
Møtested: Fjernmøte
Møtetid: 15:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [Møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

Ekstramøte for handsaming av ei sak.

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
32/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
33/2020	SØKNAD OM TILSKOT - TURBROSJYRE

25. mai 2020

Hege Eide Vik
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
32/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	20/654

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2020	Bygdeutviklingsutvalet	PS	26.05.2020
33/2020	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.05.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helge Berset	FE-223	20/656

SØKNAD OM TILSKOT - TURBROSJYRE

Vedlegg:

Søknad om støtte til trykking av turbrosjyre

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver kr. 15 000,- til utarbeiding av brosjyrar med turinformasjon for Vaksdal. Løyvinga tek utgangspunkt i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling».

Tilskotet vert løyvd til Farfar Reklamebyrå AS på vegne av Vaksdal Turlag og betalt ut på bakgrunn av dokumenterte utgifter (kopi av faktura). Tilskotsmottakar kan oppgje Vaksdal kommune som fakturamottakar for beløp inntil den løyvde summen.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Farfar Reklamebyrå AS v/ Leiv Magnus Grøtte, på vegne av Vaksdal Turlag, søker Vaksdal kommune om kr. 27 500,- inkl. mva i tilskot til å utarbeide og trykke 3000 turbrosjyrar, som er tenkt utdelt til alle husstandar i kommunen, samt verte lagt ut på butikkar og servicebedrifter i kommunen.

Søknaden og likelydande saksutgreiing vert lagt fram for Bygdeutviklingsutvalet (BU) og Formannskap, plan- og økonomiutval (FPØ) til handsaming.

Bakgrunn for saka

Søklar, Farfar Reklamebyrå AS, skriv i søknaden:

«Målsetjinga er at alle bygdene får presentert to/tre av dei finaste turane dei har, med bilete, turbeskriving og andre naturlege detaljar. I fyrste omgang for å få innbyggjarane våre ut på tur i nærområda, for det andre å få nye turistar til å bruka områda våre, nytta dei lokale tilbydarane. For kommunen sin del er det eit godt høve til å byggja omdøme, spre gode vibbar og stoltheit blant lokalbefolkninga. Brosjyra er eit stort løft for alle partar og er prisa med utgangspunkt i 48 sider, fire fargar i A5 format og 3000 eksemplar. Pris for trykking er henta frå to trykkeri i Bergen og inkluderer eit provisjonspåslag på kr 4000,- til byrået. Trykk(3000 stk.): Kr 27 500,- , (inkl. mva. kr 5500,-). Påfølgjande 1000 eksemplarer - kr 4 750,- , (inkl. mva. kr 950,-) Byråkostnader, anslag: Idé, grafisk design, biletutveljing, tekstarbeid, korrekturar, møter og generell oppfølging: Kr 25 000,-(inkl. mva kr 5000,-). Det er lagt opp til nokre få annonsesider for å finansiera byrået sitt arbeid med brosjyra.»

Søkjjar legg vekt på at tiltaket kan vere med på å gjere Vaksdal kommune sine turområde meir kjende, både for eigne innbyggjarar, og dei som kjem på besøk eller køyrer gjennom kommunen.

Formelt grunnlag

Retningslinjer for tilskotsordninga, under føresetnadar av vedtak på møte 26.05.20:

- Løyving av tilskot til søknader med søknadssum under 15 000 kr kan skje i kvart møte.
- Løyving av tilskot til søknader over 15 000 kr skjer to gongar i året.

Tilskotsordninga er ny og tildelingar i tidleg fase, vil kunne vere med å legge retning for kven som seinare skal kunne søkje midlar frå BU. Utvalet må derfor vurdere om vilkåra i tilskotsordninga er ivareteke i denne søknaden etter at retningslinjene er vedteke.

Til dømes må utvalet vurdere om ein søknad frå ei privat verksemd som utfører oppdrag på vegne av ein frivillig organisasjon, skal få tilskot frå denne tilskotsordninga.

Vurdering og konsekvensar

Vaksdal turlag har som mål at fleire skal bruka naturen og ulike servicetilboda i kommunen. Brosjyra vil også vere tilgjengeleg for utdeling på stadar det er naturleg for gjennomreisande å stoppa. Når vi også kjenner til at nordmenn vert tilrådd å feriera i eiga land denne sommaren, vil ei slik brosjyre kunna få fleire til å oppdage kva bygdene i Vaksdal har å tilby. Både tilreisande og eigne innbyggjarar.

Fysisk aktivitet fremjar helse, gjev overskot og er eit veldokumentert verkemiddel for å førebyggja og behandle mange sjukdomar (Helsedirektoratet). Restriksjonar og endringar i samband med Covid19-pandemien kan ha fått konsekvensar for folkehelsa og eit tiltak som kan auka den fysiske aktiviteten for fleire, ser rådmannen positivt på.

Med føresetnad om at søknaden stettar vilkåra i retningslinjer for ny tilskotsordning, rår rådmannen til at utval for bygdeutvikling løyver kr 15 000 i tilskot frå eiga tilskotsordning.

Løyvd tilskot vert betalt ut på bakgrunn av dokumenterte utgifter (kopi av faktura). Tilskotsmottakar kan oppgje Vaksdal kommune som fakturamottakar for beløp inntil den løyvde summen.

Til bygdeutviklingsutvalet.

Søknad om midlar til trykking av turbrosjyre for Vaksdal.

På vegne av Vaksdal Turlag, søker me med dette om delfinansiering av ei gnistrande ny turbrosjyre som skal gå til alle husstandar i Vaksdal kommune. Dertil skal brosjyra liggja gratis til alle som rek gjennom bygda vår - på bensinstasjonen, butikkane, industriverksemder, overnattingsstader og eteplassar, med von om auka omsetnad og entusiasme. For dette vert somaren der Noreg til dei grader vert vårt næraste ferieland. Og er det noko Vaksdal har å fara med, så er det vel natur, med alt det inneber av unike opplevingar. Vaksdal er ein uslepen diamant.

Arbeidet med brosjyra er allereie godt i gong, i kraft av eit enormt dugnadsarbeid. Målsetjinga er at alle bygdene får presentert to/tre av dei finaste turane dei har, med bilete, turbeskriving og andre naturlege detaljar. I fyrste omgang for å få innbyggjarane våre ut på tur i nærområda, for det andre å få nye turistar til å bruka områda våre, nytta dei lokale tilbydarene. For kommunen sin del er det eit godt høve til å byggja omdøme, spre gode vibbar og stoltheit blant lokalbefolkninga.

Brosjyra er planlagt ferdig trykka før fellesferien startar, rundt 28. juni.

Søknadssum: Kr 27 500,-(inkl. mva. kr 5 500,-)

Finansiering - Budsjett.

Det er lagt opp til mykje dugnadsarbeid, også frå reklamebyrået si side. Brosjyra er eit stort løft for alle partar og er prisa med utgangspunkt i 48 sider, fire fargar i A5 format og 3000 eksemplarer.

Pris for trykking er henta frå to trykkerier i Bergen og inkluderer eit provisjonspåslag på kr 4000,- til byrået.

Trykk(3000 stk.): Kr 27 500,- , (inkl. mva. kr 5500,-).

Påfølgjande 1000 eksemplarer - kr 4 750,- , (inkl. mva. kr 950,-)

Byråkostnader, anslag:

Idé, grafisk design, biletutveljing, tekstarbeid, korrekturar, møter og generell oppfølging: Kr 25 000,-(inkl.mva kr 5000,-).

Det er lagt opp til nokre få annonsesider for å finansiera byrået sitt arbeid med brosjyra.

Med dette vonar me på rask og positiv tilbakemelding.

Med helsing

Farfar Reklamebyrå AS og Vaksdal Turlag

Leiv Magnus Grøtte(tekstforfattar/partner)

Tlf.: 400 69 366

leiv@farfar.online